

“Arbeta, jäklar!”

På 1800-talet va det norske samfunne i stor forandring. Industrien voks fram og det trøngtes folk tæ arbe i fabrikkom, og itte minst trøngtes det folk tæ å bygge jønnbane og veier. Såless va oldefar min, Kristian Andersen Horten, et produkt tå si tid.

Han va fødd i Borre, 01.05.1855, og va sønn åt ”Dräng Olaus Anderson från Klöfvan i Frendefors Socken af Carlstads Stift af Elfsborgs Län ,–” og Margit Knutsdotter frå Sauherad i Telemark. Begge desse arbeidde på Horten Verft. ’n Kristian voks slik opp i et maritimt miljø, og han va visst svært flink ”i vatna”. Søm ungdom i Horten va det ofte konkurrans om å dukke og svøm under de båtan som lå i havn der. En gong gjekk det nesten gæle. Han skulle svøm under en båt søm va tungt laste – han lå med kjøln nesten på sandbotna. Han mente likevæl at ’n skulle klare å kåmmå under’n, men sett seg fast, så ’n måtte gråvå seg løs med hend før ’n kom seg opp at. ’n Kristian hadde to brør søm me itte vet nåe om.

Bygging tå bane, veier og bruer gjennom 50 år vart dæ livsverke han huses best før. Som 18-åring på Rørosbana frå 1873 fekk ’n lære kerr hart arbe og sterke nåvåer betydde. Han va visst svært håndfast. Lensmann på Tynset brukt ’n søm dreng nør anleggsslusken sloss søm verst i fyllen. ”

’n Kristian går frikar, han,” sa folk. Han va heller itte redd før å bruke springskalle . På en fest va det nør’n andre karer søm ville rese med jenta hans, men da bles’n i barta, tok jenta, løfta opp og bar ’a derifrå omtrent søm are bær en tötsekk. ”Kom no, vesla mi,” sa’n, og gjekk derifrå.

Anleggsfolk va nok itte bestandig Guds beste bån, og ofte kunne lønna vår i snaueste laget. Det fortæles at ’n delte ut lønningan med borstålet søm verje. En gong vart ’n berje tå ’a Embret, sønna sinne. En svenske kom på ’n bakfrå og ville slå tæ åt ’a mæ et spett. ’n Embret fekk sjå det og dulte tæ åt far sine så slaget strøk ’n langsmæ ærmen. ”Påssåsvensker”, kalte’n døm, og det va nok itte nør’n hederstittel akkurat.

Kerr mange anlegg ’n Kristian va mæ på i distrikte, ha me dessverre inga oversøkt over. Banen vart bygd på kontrakt mæ de enkelte entrepenører, og derfor ha itte NSB nør’n navnelister i sine arkiver. Det såmmå gjeld delvis før veivesenet. Mye tyde på at ’n va en etterspurt anleggsbas. Grunn’n va nok i første rekke at ’n va en døkti’n murar, men og at’n va en bestemt og rakrygge arbelesdar. Me vet at’n bygde bru over Glåma på Os. Her hadde sønnen Embret ansvaret før det ene landkaret, ’n Ola Os bygde det andre, og ’n Kristian sjøl bygde medtpillar’n. En

dag gjekk arbe svært tungt, og 'n Kristian fekk itte fram den sten 'n ville ha. Da ba'n manskapet sitt om å "pelle sammen verktøyet": "Om jeg går på bygda og får tak i gamle kjerringer, skal vi dra sten bedre enn dette". Han prate før det meste stivt riksmål.

Han bygde òg bru over Glåma oppmæ Erlien, på Malmplassa på Toljen og ved Kveberg i Alvdal. Da 'n bygde Toljebraua, seies det at 'n fann en blokk i Olaberja søm va stor nok åt alle brukarom. Dette vart gjort i 1888. Senar vart bruspenne skifte ut, men de gamle brukara va fortsatt solide nok, og gjør nøtte den dag i dag. Det såmmå æ gjort på Os-brun. Han bygde bru over Folla – ved Gjelta i Alvdal, i bru i Sollin og over Trya i Stor-Elvdala. Han bygde Graneng – brua på Kvekne. Da'n bygde i bru i Meråker, treft'n en som ville betale før i sångutdannels. 'n Kristian svåra at 'n hadde før stor familie tæ å ta imot nå sløkt.

Sången va kanskje dæ verktøye søm gjol 'n Kristian tæ en effektiv anleggsbas utover vanlen standard. Når'n sång åt stena, fløtte'n seg mest tå seg sjøl, sa folk. Dæ kom tå at rytmen i sånga fekk manskape hans tæ å ta "samse tak". Sjøl va'n gørsterk, og nør døm skulle fløtte store stener, vart kvart ord i stensånga tæpasse di forskjellige taka, på rett tidspunkt. Kvar strofe slutte mæ: "Hå – hå – å", og da skulle alle ta ti. Den søm itte passte take sitt, fekk i strofe i sånga. Den søm itte hørte nåe, gjol arbe sitt væl. Nør'n drev søm bas mæ å frakte og mure opp sten, va det viktig at'n hadde et godt arbeslag søm hadde kunnskap om dette arbe og søm kunne sången, og søm skjønnte nør sten' skulle "vendes, fløttes og legges".

Dæ va nok under sløkt arbe at læra-r'n på Holmen skule på Tynset tok mæ seg skulklassa si utpå skulplassen og hadde sångtime ute. Der sto døm og hørte på 'n Kristian sång åt stena på Aumen, 6 km unna.

Godtlandsgubben bodde i sentrum på Tynset og skulle fløtte i to-etasjes stu'bygning tvers over gata. På di tū'n drev 'n Kristian mæ 6 faste kærer oppi Brydalsli'n og planerte vei åt Brydala og Finstad. Gubben fekk mæ seg veilage. Døm hogg gransleper søm døm la under stua, og fløtt'a på den måten over gata. Arbe gjekk fort, og stua kom på plass. Da kom Godtlandsgubben mæ konjakkflæsk'n: "No skæ de ha en dram, kærer, før godt ærbe, men han søm sång skæ ha to".

'n Kristian hadde mye samarbe mæ ingeniør Sundt, og døm er avbilde sammen ved mange bruinnvielser. Det faste arbeslaget besto tå sønnom Embret, Karenus og Olaf, og tå sønnom åt svigerinn'n, 'a Anne Dorthea Sandmæl, gift mæ Anders Lillevang (Røe): Embret, Birger og Andreas. Alle i arbeslage hass vart senar i live sterkt knytt tæ veier og veibygging. Sønnan hass Kristian lærte nok murarhåndverke grundig, og det står at mange fine gråstensmurer ette døssa kæreom.

'n Kristian va mæ å bygde grunnmur under nytt fjøs og låve på prestgarda på Tynset. Den vart betegne søm den flotteste låven i Nord-Østerdala i lang tid. Låvbrua va så bre at to hester mæ lass kunne møtes. Grunnarbe starte i mars 1916, og 'n Kristian va der mæ kærom sine. Døm måtte sprengte seg ned gjønnøm tålån mæ dynamitt, og massa måtte døm i starten trille ut



Bilde frå Gjelt- brua i Alvdal i 1906. Ved brukaret: Ola Odden f.? og Anders Lilleholmen f. 1860.


Ved stigen: Einar Gjeltten f. 1885, i stigen: Arne Trøeng f. 1880.

Oppå brua, på kne: Tarald Måna f. ?, stående med sag Martin Gjeltten f. 1882. Til høyre med blakk hest: Blostrup Lien f. 1882. Med sykkel: Haldo Müller f. 1863. Med hester: fra venstre Ellev Mæleng f. 1864 og Avle Bjørn f. 1889.

Sittende på brukanten: Trygve Gjeltten f. 1893. Til høyre anleggsbas Kristian Horten f. 1855, med klave: Per Måntrøen, f. 1833. Per Hoel f. 1866, Kristian Bjørn f. 1862, med hatt og vest: Tosten Myrvoll f. 1865, med svart hatt og stav: Jon Plassgård f. 1863. Bak med hest: Ola Månshaug f. 1849, til høyre H. S. Halvorsen f. 1862 og Johannes Gjeltten f. 1887.

Foran fra venstre, med armene i kors: Embret Horten f. 1881, Ola Hågensbakken f. 1872, Jon Stokdal f. 1871, Ole Stokdal f. 1901, Peder Evensplass f. 1830 og Martin Frankmoen f. 1889.

Gutten som Kristian Horten holder i venstre hånd er Erik A. Gjeltten f. 1903. Kristian Horten bodde på Gjeltten gard like ved brua i anleggstida, og vart bestevenn med tre-åringen.



Bilde frå Kveberg bru i Alvdal i 1907. Flomen 1906 gjol gammelbrua så dålen at ho måtte repareres og førsteikes. Nerest tæ høyre i karjol: Ole Kveberg (Klokkarrønningen) Tæ h. ved skigar'n i karjol: Amtsingeniør Werenskiold. Bak karjolen står to mann. Den mæ grått skjegg kan vår Einar Næsteby. Di to i karjola mæ blakk hest æ okjente. Rytter'n æ enten ingeniør Sundt hell dr. Øwre. Framst tæ v. æ i gruppe på 5 mann: Tæ h. mæ sjåførlue æ 'n Halldor Nyeggen, søttanes mæ hond æ Kristen Blæsterdalen, bak han mæ kvitt kinnskjegg æ Peder (Per) Kvebergtrøen, ved sia tå han (liten mæ hatt) æ Erik Engen og helt tæ v. æ Jakob Stamoen. Bak desse står 4 mann på rekkje: Tæ h. Kristian A. Horten og ved sia tå han, muligens sønnen Embret og de to are æ okjente. Me vet heller ittnå om døm bakerst på bilde.

mæ sluskbare. En Tyldøl søm hete Anton Lermoen, va mæ der. Ettesøm det vart motbakke ut tu byggegropen, måtte døm vår to mann før å få opp båra mæ lass. Den ene tok tak i båra på vanlen måte, og den are tok tak i hof-tan åt den føre, og skudde på. 'n Anton va en tør og lett kar. Da 'n Kristian hjelpt'a opp mæ båra, kom dæ tørt frå



Bilde frå Brydalsveia : Frå v. Olaf Bakke, Olaf Horten ?, Kristian A. Horten, Henrik Stinesen (?), Andreas Røe, og Birger Røe. Sluskbåra va en nøttin reskap på slike anlegg.

'a Anton: "Hau, ei vart lett i boksræven no, gut ." Dessverre vart låven reven.

Politisk va ' n Kristian en engasjert bondepartimann. En gång han skulle hente vatn oppi stuen, satt sønnen Olaf og 'n Morten Rud der og snakke om sosialisme. Da vart gubben arj, tråvde att og fram på golva og holl et langt foredrag om "sosialismens vederstyggelighet". Også dette råtne Venstre da", sa'n tæ slutt, tok vassbøtta og gjekk.

Ette kjerkj-boken va'n fødd 1. mai, men søm bondepartimann vill'n itte feire nåe søm helst på en slik dag, derfor feir'n bestandi dagen sin den 17. mai, og alle ha me trudd at'n va fødd da. Han vart gravlagt like ve riksveia i Tylldala i 1941.

Frå anleggslivet rundt ikring, fekk 'n oldefar mæ seg mange svenske uttrykk. Nør kvila va over sa'n ofte: "Arbeta jäklar, før at veggen ska bli ferdig, och barnen ska få mat."



Det siste anlegge Kristian sto for, vei til Brydalen og Finstad. Frå v. Kristian A. Horten, Christiane Sundt, Ingeniør Sundt og Ola Bjørnsmoen (skyskar). Tynnan vart brukt tæ transport og oppbevaring tå sement.

Arne Kristian Horten,
Bonde og barnehagearbeider
2510 Tylldalen